

## 1 **F6: Ressurs- og naturforvaltning i norsk natur**

2 **Framleggsstillar:** Stad SV

3 **Innstilling fylkesstyret:** Avvisast til fordel for F5.

4

- 5 • **Stad SV vil ha på plass eit betre lovverk om ressurs- og**  
6 **naturforvaltning. Der utviklinga fremjar natur,-dyreliv, -og menneske,**  
7 **på ein slik måte at vi får berekraftige oppvekst,- og leveområde for alle**  
8 **artar.**

9

10 I det siste har media sett stort fokus på natur og nedbygging av verdifull natur.  
11 Omgrepet verdikrise har blitt dratt fram for det som skjer i Norge. Kven avgjer at  
12 verdifull natur kan takast i bruk for industriell vekst? Slik det er i dag, er det opptil dei  
13 enkelte kommunar å gjere vedtak i arealbruken, og då gjerne med tanke på industriell  
14 vekst. Men vert dei beste avgjerdene tatt når fokuset er kapitalistisk industriell vekst?

15 Livet på jorda er unikt, og dei aller fleste livsformer lever i symbiose med ein eller  
16 fleire andre livsformer. Vi som har satt oss sjølve til å stå for forvaltning av natur og  
17 miljø har satt oss sjølve øvst på stigen. Mindre verdifulle livsformer må vike i nær sagt  
18 alle saker. Men veit vi godt nok om det som skjer når artar forsvinn fordi leveområda  
19 vart tatt til hyttebygging, industri og byggefelt? Vi veit noko, men føre var prinsippet  
20 som tidlegare vart brukt, er dei seinare åra delvis forsvunne, og følgjene blir tap av  
21 artsmangfald og natur.

22 Dei siste sytti åra har det skjedd ei enorm forvandling av store naturområde.  
23 Industrien tar stadig meir plass, og landskapsbiletet forandrar seg så fort at nye  
24 generasjonar ikkje veit korleis landskapsbiletet var. Det som burde vere økosystem  
25 basert forvaltning, har blitt økosystem forvandling.

26 SV ser med stort alvor på det som skjer, og vil vere med å stoppe utbyggingar i  
27 verdifull natur. Gamle skogar og myrer som gir liv til tusenvis av artar er to områder  
28 som kommunar ikkje bør ha råderett over åleine. Strandsone, elvar og bekkar likeins.  
29 Livet i fjordar og nære havområde er også områder som er under sterkt press og i  
30 tilbakegang. Skal vi tilby neste generasjon eit land fullt av ulike livsformer og ein natur  
31 i vekst må vi ta grep no.